

Oppfølginga av undervisningsrekneskapen ved IF

etter innføringa av nye retningslinjer våren 2012

Rapport til instituttrådet 13. november 2013

Dei vitenskapleg tilsette ved instituttet har stillingar som er delte mellom forskning, undervisning og administrasjon. I vanlege førstestillingar er fordelinga ved Universitetet i Bergen 46 prosent til forskning, 46 prosent til undervisning og 8 prosent til administrasjon. For lektorar i full stilling er den same fordelinga 75 prosent til undervisning og 25 prosent til fagleg oppdatering og administrasjon. Ei slik fordeling kan ikkje oppfyllest til punkt og prikke. Men over tid skal instituttet freista å halda nokolunde balanse mellom dei ulike delane av stillinga og sjå til at arbeidsdelinga for den enkelte ikkje vik for mykje av frå den prosentvise standarden. Tanken bak er at den enkelte skal sikrast tid til forskning, at studentane skal få tilstrekkeleg undervisning og at undervisningsoppgåver og administrasjon skal fordelast rimeleg dei tilsette imellom.

Med dette som utgangspunkt er institutta pålagde å føra rekneskap over arbeidet til dei vitenskapleg tilsette. I praksis er det undervisning og administrasjon som blir registrert i den såkalla undervisningsrekneskapen. Forskinga blir halden utanfor, og dette er i og for seg inkonsekvant. Men slik er dei rammene som er lagde for oss i dag. Instituttet er ikkje pålagt å føra rekneskap over forskingsarbeidet til den enkelte, og har heller ingen planar om å setja i gang eit slikt arbeid på eiga hand.

Reint praktisk er det administrasjonen ved instituttet som kvart semester sender ut skjema der kvar enkelt vitenskapleg tilsett legg inn opplysningar om undervisning og administrative oppgåver. Administrasjonen får inn skjemaa, korrigerer der det trengst, og sender dei så ut igjen til den enkelte medarbeidar for eit siste gjennomsyn. Timeutteljinga for dei ulike oppgåvene byggjer i hovudsak på felles standardar vedtekne av fakultetsstyret. I tilfelle der det manglar slike felles faktorar må instituttet etablere eigne normer. Undervisningsrekneskapen blir oppdatert for kvart semester, og under- og overskot vert ført vidare til neste semester. Instituttleiinga har innsyn i heile undervisningsrekneskapen. Fagkoordinatorane har tilgang til opplysningane for medarbeidarane på sitt fag, slik at koordinatoren skal kunna bruka opplysningane i planlegginga av undervisninga.

1. Nye retningslinjer ved Institutt for framandspråk våren 2012

Hovudutfordringa har vore den store ubalansen i undervisningsrekneskapen, der mange av medarbeidarane over tid har bygd opp eit stort overskot av undervisnings- og administrasjonstimar, utan at instituttet har greidd å byggja dette ned.

No kan det alltid reisast eit par innvendingar mot dette biletet. For det første er arbeidstidsrekneskapen langt på veg styrt av standardiserte førebuingfaktorar, og det kan diskutast kor godt desse ulike faktorene svarar til realitetane. Samstundes må eit slikt registreringssystem som vi er pålagde, tuftast på standardiserte faktorar om det skal vera mogleg å gjennomføra. Den andre hovudinnvendinga er at forskningsterminar (og forskingsfrikjøp) ikkje blir rekna med i desse oversyna. Ein person som t.d. har samla opp 500 plusstimar over ein periode på sju, åtte år, men som har hatt eit par forskningsterminar i denne

perioden, har eigentleg hatt meir tid til forskning enn det som er brukt til undervisning og administrasjon i denne perioden. Men sidan forskingsterminane blir haldne utanfor registreringa, vil undervisningsrekneskapen likevel visa at vedkomande har undervist/administrert for mykje. Å halda forskingsterminane utanfor slik er eit «politisk» val, og fakultetsleiinga har ønskt å halda fram med denne praksisen.

Desse rammene er altså bestemt på høgare nivå, og instituttet må innordna seg dette. Konklusjonen våren 2012 var dermed at dei vitskapleg tilsette ved instituttet hadde samla opp eit stort overskot i undervisningsrekneskapen. Delar av dette skreiv seg frå tida før IF vart skipa i 2007, men veksten hadde òg halde fram i IF-tida. Overskotet var såpass stort at det ville vera vanskeleg å følgja opp på ein god måte utan å kombinera ei slags nullstilling av systemet med nye retningslinjer og skjerpa rutinar for oppfølging.

Spørsmålet om undervisningsrekneskapen vart drøfta meir uformelt mellom instituttleiingane ved fleire HF-institutt, og utkast til nye retningslinjer for IF vart sendt ut på intern høyring ved instituttet i april 2012. Deretter gjorde instituttrådet følgjande vedtak 16. mai 2012, sak 4 (6 røysta for og 2 imot):

(1) Rådet vedtek framlegget til «Retningslinjer for bruk av undervisningsrekneskapen ved Institutt for framandspråk».

(2) Første steg er å vurdere oppsamla plusstid frå tida før IF vart oppretta. Instituttleiar vil gjera dette gjennom medarbeidersamtalar og vil vurdere ekstra forskingstermin for dei som har høgast overskot. Deretter vil oppsamla pluss- og minustid frå tida før hausten 2007 bli strøken. Neste steg er å følgja opp oppsamla pluss- og minustid frå IF-perioden. Her vil det bli vurdert ekstra forskingstermin for dei som har høgast overskot, og det vil bli lagt opp til å halda alle innanfor tilnærma balanse i undervisningsrekneskapen.

(3) Dei nye retningslinjene gjeld frå og med registreringa for vårsemesteret 2012.

(4) Instituttleiinga rapporterer tilbake til rådet om oppfølginga av dette vedtaket seinast hausten 2013.

Dei nye retningslinjene som er referert til i punkt (1) i vedtaket, er lagde ved denne rapporten. Her er m.a. prinsippet om «tilnærma balanse» slått fast. Tilnærma balanse svarar til eitt semesters undervisnings- og administrasjonsplikt, dvs 458 timar for ordinære førstestillingar. Så lenge det oppsamla over- eller underskotet er mindre enn 458 timar er det ikkje grunn til særlege tiltak. Går ein derimot ut over grensa for tilnærma balanse, må instituttleiar og medarbeidar saman leggja ein plan for å gjenoppretta balansen. Samstundes vart det sett eit tak for kor mange timar som kan registrerast for undervisning og administrasjon under ein forskingstermin (46 timar, dvs 10 prosent av vanleg undervisnings- og administrasjonsplikt).

2. Oppfølginga av vedtaket i instituttrådet mai 2012

Instituttleiinga har i samarbeid med administrasjonen følgd opp vedtaket, og gjennomgangen nedanfor viser til punkta i vedtaket frå instituttrådet 16. mai 2012.

(1) og (3): Dei nye retningslinjene er følgde, og vi har prøvd å gjera så få unntak som mogleg. Eit par spørsmål som har dukka opp, bør likevel nemnast særskilt. Begge er knytte til forskingsterminar og frikjøp. For det første gjeld dette deltaking i stillingskomitear. Dette er ei svært arbeidskrevjande oppgåve, og derfor bør ein sjølvstøtt unngå å leggja ei slik oppgåve på personar som har forskingstermin. Skulle likevel ein medarbeidar


under forskningsterminen bli pålagt å gå inn som ordinært sakkunnig medlem i ein stillingskomité, bør timane gå inn i undervisningsrekneskapen uavkorta. Alternativt kan ein vurdere om det let seg gjera å flytta forskningsterminen til eit anna semester. Det andre spesialtilfellet er større forskingsprosjekt med frikjøp av prosjektleiar, der det også inngår rettleiing av stipendiatar som er spesifikt knytte til prosjektet. Her meiner vi det er rimeleg at rettleiinga av stipendiatar og postdoktorar som er spesifikt knytte til prosjektet, ikkje blir registrerte i undervisningsrekneskapen. Rettleiing av andre studentar følgjer sjølvstøtt ordinære reglar og blir registrert med inntil 46 timar totalt i terminar med forskingsfrikjøp.

(2) Instituttleiar har følgd opp vedtaket og hatt medarbeidersamtalar med dei tilsette som hadde høgast oppsamla plusstid ved instituttsamanslåinga i 2007, og med dei som har samla opp særleg stort overskot etter samanslåinga. Det er gitt tilsegn om til saman inntil fjorten ekstraordinære forskingsterminar til ti personar, som kompensasjon for plusstid i undervisningsrekneskapen. Dessutan er det gitt tilsegn om til saman 165.000 kroner i ekstra forskingsmidlar, pluss ei tildeling der summen enno ikkje er bestemt.

(4) Instituttrådet bad leiinga rapportera tilbake om oppfølginga av vedtaket frå 16. mai 2012 seinast hausten 2013. Dette blir gjort gjennom denne rapporten saman med drøftinga det er lagt opp til i instituttrådsmøtet 13. november 2013.


4. Status for undervisningsrekneskapen etter våren 2013 og konsekvensar for instituttet

Spørsmålet her er om instituttet har greidd å følgja opp vedtaket frå instituttrådet 16. mai 2012 slik at undervisningsrekneskapen kan brukast meir målretta, og slik at vi unngår ei ny oppbygging av plusstid. For å danna seg eit inntrykk av utviklinga frå instituttsamanslåinga og fram til i dag, er det tenleg å starta med eit samla overblikk for instituttet, deretter sjå på enkeltfaga og så til sist gå inn på individnivået. Til sist blir dei økonomiske konsekvensane kommentert.



Som tabellen over syner, var det samla timeoverskotet på alle fag og for alle tilsette relativt høgt allereie ved samanslåinga i 2007. Deretter voks det monaleg fram til det nådde 26 000 timar våren 2012. Med utnulling av gammalt overskot og inngåing av ulike avtalar har det deretter falle bratt til 7 000. (Talet for våren 2013 inkluderer også tre avtalar der utnullinga formelt blir gjennomført på seinare tidspunkt enn våren 2013. Men sidan det er gjort klare avtalar om utnulling i alle desse tilfella, er reduksjonane inkluderte i tala for våren 2013 i statistikken i denne rapporten).

Utviklinga på dei enkelte faga går fram av tabellen nedanfor.



Utviklinga viser store variasjonar mellom faga, og di mindre faga er, di større blir utslaget av store overskot på enkeltmedarbeidarar. Våren 2013 har gjennomsnittsmedarbeidarane på dei fleste faga kring 200 timar i oppsamla plusstid. Engelsk og spansk ligg under, tysk ligg over. På alle faga ligg gjennomsnittsmedarbeidaren klart under grensa for tilnærma balanse, dvs. 458 timar.

Det mest interessante er likevel ikkje gjennomsnittet. Skal ein forstå og i neste omgang bruka undervisningsrekneskapen på fornuftig vis, må ein sjå på dei faktiske medarbeidarane instituttet har (også her er dei tre avtala utnullingane som blir gjennomført seinare, lagt inn i 2013-tala, sjå ovanfor):

Personar med «tilnærma balanse» i undervisningsrekneskapen ved IF 2007-2013			
Timar	Våren 2009	Våren 2012	Våren 2013
Meir enn + 458	20 (40%)	18 (39%)	8 (19%)
«tilnærma balanse» (mellom 458 pluss- og 458 minustimar)	28 (56%)	27 (59%)	35 (81%)
Mindre enn - 458	2 (4%)	1 (2%)	0 (0%)

Her må det skytast inn at staben ved instituttet ikkje er redusert så drastisk som det kan sjå ut til av statistikken, dvs. frå 50 fast vitskapleg tilsette i 2007 til 43 i 2013. Nokre fag har fått færre stillingar, men

hovudgrunnen til at det samla talet er nede i 43 våren 2013 er at fleire stillingar har vore under utlysing og tilsetjing. Eit par av dei nye fast tilsette er på plass hausten 2013, og fleire vil koma i 2014.

Sjølv om det har vore ein klar reduksjon, er det framleis åtte personar som ligg over og utanfor tilnærma balanse. Det bør la seg gjera å få òg desse innanfor tilnærma balanse, men det krev god oppfølging framover.

Den oppryddinga som er gjennomført i undervisningsrekneskapen, har sin pris. Dei 165.000 kronene som er sett av til ekstra driftsmidlar, er ubetydelege i denne samanhengen. Det som kostar, er dei ekstraordinære forskingsterminane, sidan vi her må henta inn og løna vikarar. Eit teoretisk reknestykke gjev ein peikepinn:

Viss vi legg til grunn den same satsen som fakultetet brukar for å kompensera undervisningsdelen i ei førstestilling (390 timar i lønsssteg 63), kostar kvar ekstraordinær forskingstermin 105 000 kroner. Dei fjorten forskingsterminar som er lova som kompensasjon for særleg høgt timeoverskot, utgjer 1 470 000 kroner. I tillegg må instituttet sjølv bera dei sosiale kostnadene i desse tilfella. Den samla prislappen inkludert 40 prosent sosiale kostnader blir derfor like over to millionar kroner for dei tretten ekstraordinære forskingsterminane.

Det må likevel strekast under at dette er eit teoretisk reknestykke og ikkje den faktiske sluttsummen. Vi greier oss i ein del tilfelle med mindre vikarhjelp enn 390 timar for kvar forskingstermin, lønsplasseringa for ein vikar er vanlegvis lågare enn lønsssteg 63, i nokre tilfelle blir det operert med ein lågare sats for sosiale kostnader, og i eit par tilfelle kan det bli gitt mindre enn full forskingstermin. Den faktiske summen blir derfor fleire hundre tusen lågare enn to millionar. Likevel er kompensasjonsterminane svært dyre for instituttet, og vi kunne neppe fått til noko slikt om vi ikkje hadde relativt gode økonomiske tider.

5. Konklusjon

Etter vår meining har tiltaka og dei nye retningslinene som instituttrådet vedtok i mai 2012, verka godt. Undervisningsoverskotet ved instituttet er kraftig redusert. Framleis er det litt for mange av medarbeidarane som ligg utanfor «tilnærma balanse», dvs dei har samla opp meir enn 458 plusstimar. Situasjonen er likevel ikkje vanskelegare enn at bortimot alle medarbeidarar ved instituttet bør vera innanfor tilnærma balanse i undervisningsrekneskapen innan eit par semester. Dette krev ei tett oppfølging frå instituttleiinga si side. Instituttleiar vil bruka medarbeidarsamtalane til å følgja opp undervisningsrekneskapen med den enkelte, og fagkoordinatorane må – i samarbeid med administrasjonen – bruka oversynet aktivt i planlegginga av undervisninga. Her vil det gje ei viss hjelp at praktisk tala alle stipendiatar no har undervisning innbakt i stipendperioden sin. Samstundes har det vore dyrt for instituttet å gje ekstraordinære forskingsterminar, og det er viktig at vi framover held forsvarleg balanse i undervisningsrekneskapen utan å måtta ty til kompensasjonsterminar. Instituttet bør dessutan gjera eit par justeringar i retningslinene, slik at deltaking i tilsetjingskomitear under forskingstermin tel med uavkorta i rekneskapen, medan rettleiing av stipendiatar og postdoktorar på forskingsprosjektet med frikjøp ikkje tel med.

Leiv Egil Breivik,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef